

«Kristi misjon til folket, frelse, liding, kamp».

IAMS' 5. kongress i Bangalore 4. – 9. januar 1982

Av Aasulv Lande

Det møtte omlag hundreogfemti deltakarar frå tretti ulike land til kongressen i Bangalore i India. Deltakarane frå Sør-Afrika fekk ikkje visum tidnok. Deira fråvære var ei konstant påminning om at ein ikkje kjem unna storpolitiske aspektar i missiologisk arbeid. Etter kongressen som varde frå 4.–9. januar, følgde ein spesialkonferanse om «Data-Arkiv-Bibliografi» spørsmål. Den siste spesialkonferansen vart arrangert av «DAB» seksjonen i den Internasjonale Assosiasjonen for Misjonsstudier (IAMS, International Association for Mission Studies).

Møtet hadde brei representasjon både geografisk og teologisk; men ein sakna særleg dei ortodokse missiologane. Det var eit sterkt ønske om å inkludere desse også ved neste kongress. Såkalla «evangelikale» og «ekumeniske» protestantar var saman med katolske granskarar. I så måte var fellesskapen naturleg rik og variert.

Eit særdrag ved møtet var dei førebuande markstudier: «exposure situations». Desse dagane i indisk miljø før konferansen leidde opp til spesielle «workshops» under kongressen. Ein som kom til møtet med ei særleg interesse for ashrams kunne t.d. nytte ei veke før kongressen til planlagde besøk i ashrams av ulik karakter. Eller ein kunne besøke sentret for så mykje hinduistisk nyreligiøsitet, Rishikesh, i Nord India. Ein tredje «exposure» var gjesting ved kristne institusjonar for sosialt arbeid. Andre fanst også.

Dei ni ulike *workshops* knytte som sagt i høg grad til exposure situations i indisk samanheng. Kongressen hadde elles daglege *bibelstudier*. I sju *fora* la kongressdeltakarane fram spesielt aktuelle temata for spesielt interesserte grupper. Det var også *oppsummeringssesjonar*, *plenumsmøte* og eit spesielt *forretningsmøte*. Og etter konferansen var det altså ein særseksjon om *dataprobblematikk*.

Trass i plenumssesjonana og eit samlande tema for kongressen; «Kristi misjon til folket (the multitude): frelse, liding og kamp»

var hovudpreget atomisert. Den enkelte deltakar orienterte seg innanfor sitt interessefelt, og valde ut ein spesielt engasjerande «workshop» eller «forum».

I ein viss grad er eit slikt pluralistisk opplegg naturleg ved ein internasjonal forskarkongress. Frå den nordeuropeiske interessegruppa som i 1968 utgjorde kjernen i organisert, internasjonal missiologi, fram til den nasjonalt, politisk og teologisk varierte forsamlinga i Bangalore, er det eit stort sprang. Konformitet i opplegg og problemstillingar vil lett innby til konflikhtar på møtet, eller rett og slett føre til at store grupper blir uinteresserte. Likevel vil underskrivne gjerne argumentere for at både misjonsvitskapen som fag og ein global grunntanke i sjølve misjonsperspektivet burde føre til eit større fellesskap i problematikk enn tilfellet var i Bangalore.

International Association for Mission Studies, IAMS, er ein internasjonal fagassosiasjon for misjonsgranskarar. Både enkelt-personar og kollektive medlemmer finst i denne samskipnaden som spenner over eit vidt spektrum nasjonalt og konfesjonelt. Formelt vart IAMS skipa i 1972 i Driebergen, Nederland. Men initiativa går tilbake til slutten av 60 talet, da professor Olav G. Myklebust var ein pioner for samordning av internasjonal misjonsgransking. Etter ti år som organisasjon kunne IAMS ved kongressen i Bangalore melde om eit samla medlemstal på 576, her finst da både individuelle og kollektive medlemmer. Alt i alt 68 er institusjonar eller andre kollektive grupper. Talet på medlemmer frå den tredje verda er aukande, og er nå på omlag 150. Det som særleg sagnast er austeuropiske og ortodokse representantar; dersom ein ser nasjonalt og ekklesiastisk på medlemsmassen.

Kongressen i Bangalore er den femte i rekka etter Driebergen (Nederland), Frankfurt (Tyskland), San Jose (Costa Rica), Maryknoll (New York, USA). Forretningsmøtet valde følgjande styre:

President:	Gerald Anderson, USA
Visepresident:	Joan Chatfield, USA
Generalsekretær:	Frans J Verstraelen, NED
Kasserar:	Paul A Clifford, ENG
Styremedlemmer:	Rene C Padilla, ARG
	Wi Jo Kang, KOREA/USA
	Sebastian Karotempel, INDIA
	Ngindu Mushete, ZAIRE

Som æresmedlem står Olav G. Myklebust.

Forretningsmøtet var kort og reiste ingen vesentlige saker. Det var ikkje på det parlamentariske plan konferansen hadde sin aksept. IAMS arbeider framfor alt gjennom dei presentasjonar som finn stad gjennom kongressane og gjennom to underavdelingar som er organiserte. Vi har ovanfor nemnt DAB. Den andre underavdelinga er Biblical Studies and Mission, BISAM. Ein skal merke seg dei to tendensane som kjem til uttrykk gjennom desse underavdelingane, nemleg Bibel og historie. Den sterke bibelske interesse gav seg også uttrykk på konferansen både i ei betoning av bibelsk norm og i den plass bibelstudiet hadde på møtet i det heile. Det gjeld katolske granskarar såvel som protestantiske. Ein skal heller ikkje gløyme at IAMS gir allsidig informasjon om misjonsgransking gjennom meldingsbladet IAMS NEWSLETTER. Det blir for tida redigert av ein forskar i Pasadena, California. Men kontaktadressa for alle IAMS forretningar er:

The General Secretary, IAMS c/o
Interuniversity Institute for Missiological and
Ecumenical Research
Boerhaverlaan 43
2334 ED Leiden
The Netherlands

Ut frå eit historisk betraktningssett er det rimeleg å sjå IAMS som eit uttrykk for den sterke misjonsinteresse som voks fram i teologiske krinsar i etterkrigstida. I åra etter krigen fekk t.d. Norge sitt Egede Institutt, Sverige fekk sitt institutt for misjonsforskning, i Asia voks fram ein del institutt for religiøs dialog. Desse institutta freista å knytte ihop eit akademisk og eit praktisk engasjement. Dei stod i den kerygmatiske tradisjonen, med Karl Barth som var både vitenskapmann og forkynnar og t.d. Kraemer som var vitenskapleg arbeidande, praktisk misjonær. Institutta har vist seg å vera vakne for nye tendensar i møtet mellom den akademiske og den praktiske verda, og har t.d. formidla den sosiologiske bølga frå 1960 talet. Det er i høg grad personar som står nær denne «instituttørslå» som pregar den internasjonale assosiasjonen som kallar seg IAMS.

Men det har også vore ei anna hovudline som fører fram til den IAMS som vi har fokus på, nemleg den teologiske utviklinga i den tredje verda. Framvoksteren av frigjeringssteologi har fornya og befrukta den praktisk/kerygmatiske instituttmissiologien, men

også tildels skapt spenningar. Ein av grunnane til den «atomisering» av kongressen som er nemnt ovanfor ligg truleg i at arrangementen kvir seg for å la desse to linene – den kerygmatiske og den «frigjerande» – komme til ein konfliktsituasjon. Derfor vel ein eit arrangementsopplegg som let likemenn møte likemenn, eller let konfrontasjonane oppstå i små fora.

Hovudforedraga

Av dei tre hovudforedraga heldt avtroppande president, *Johs. Aagaard* frå Århus det eine. Det var eit foredrag om missiologisk metode og det avspegla mykje av den historiske utvikling som eg har freista karakterisere med dei to «linene» som har hatt mykje å seie for å gi IAMS sitt nåverande preg. Dosent Aagaard talte ponngtert om at missiologien måtte vere praksisorientert, eit synspunkt som begge dei to «linene» representerer. Med frigjerings-teologiske undertonar polemiserer han mot kyrkjeleg institusjonalisme og med kierkegaardsk dialektikk drog han til felts mot ei forståing av evangeliet som oppfylling av ein allmennmenneskeleg religiøsitet. Eit tredje perspektiv som den avtroppande IAMS leiaren la stor vekt på var at «missiologien lever i konfrontasjon, dialog og gjensidig prøving i eigen kontekst.» Missiologi er ikkje ein reproduksjon av teologien i den tredje verda, meinte den fritalande dansken. Foredraget skapte debatt; men ikkje nok høve til å avklare dei vesentlege metodespørsmål som vart reiste. Men spørsmålet om misjonsvitskapens oppgåve vil truleg dukke opp att ved nye vegskil.

Det nytestamentlege omgrepet «ochlos», folk, stod sentralt i møteopplegget. Nåt temaet for kongressen var Jesu misjon til «the multitude», var det ikkje minst dette omgrepet som låg bakom. I asiatisk teologi har i seinare tid nett omgrepet «folk» stått sentralt, og kva var rimelegare enn at dette avspegla seg i ein asiatisk kongress. Dei to andre hovudforedraga under møtet var ved *D. Preman Niles* og *S.J. Samartha* og kom begge inn på forståinga av ein teologi der «folket» står sentralt. Niles bestemte «folk» utfrå problematikken sentrum-utkant. Han streka under at asiatisk teologi må arbeide seg fram til eit sjølvmedvet basert på verdien av å vere «perifer»... «for å lytte rett til Jesus blir vi bedne om å vende oss bort frå Jerusalem, setet for politisk og religiøs makt, til Galilea der 'am-ha'aretz er... vi blir kalla til å identifisere

re oss med «ochlos», «minjung» (= folket, koreansk), massen. Ei kyrkjesentret misjonstenking må byttast ut med ein missiologi «som lyttar til folkets rop og deira lidning, deira draumar og krav».

Preman Niles hadde også eit anna poengtert synspunkt i foredraget sitt som hadde titelen: Misjon og folka i Asia. Det galdt kristustolkinga, der ikkje minst indarane har gitt vesentlege bidrag i seinare tid ut frå røymsler i interreligiøs samtale. Her sa Niles at det var viktig å erkjenne Kristus i møtet med ikkje-kristen tru og varierte historiske tradisjonar. Det er viktig, heldt han fram, med ei variert kristustolking: «det trengst meir enn eitt portrett for å gripe den transcendenten venleik hos Jesus av Nazareth.»

Den mangeårige leiaren for avdelinga for kristen samtale med ulik religion og ideologi i Kyrkjenes Verdsråd, dr. S.J. Samartha tala om «Indiske realiteter og den heile Kristus». Han tok fram to element i deira indiske samanheng: menneskets hunger etter fred og fridom og kampen for eit rettferdig samfunn. Det førstnemde perspektivet kalla han det religiøse perspektivet. Dette fann han neglisjert både ved KV sitt møte i Melbourne og ved Lausanne-rørsla sitt stemne i Pattaya. Den religiøse dimensjonen må ikkje underordnast sosiologiske kategoriar, hevda Samartha: «Det blir nesten totalt oversett at ekte religiøst liv er eit møte med Kristus i sjølve kjernen av eins eksistens, ei djup oppleving av det transcendenten, ein grunnleggande sans for det heilage som vedkjem heile menneskelivet, går utover dette og forløyser det. Sanningsdjupet i religiøst liv må ikkje bli underordna eit sosiologisk nyttesynspunkt.» Når det gjeld kampen for eit rettferdig samfunn var den «fullstendige» Kristus eit vesentleg perspektiv. Kristus er ikkje underordna sosiologien, men han er historisk og konkret og må ikkje tolkast med slagord og akademiske abstraksjonar. Denne Kristus inspirerer til kampen for eit rettferdig samfunn. Samartha meinte at kristne på denne bakgrunn også skulle vere vakne for kritisk refleksjon og nyorientering i grupper i samfunnet i det heile. I slike kritiske grupper såg Samartha medarbeidarar for kristne samfunnsreformatorar. Også i hinduistiske grupper finn ein slik kritisk refleksjon stad, meinte Samartha. Samartha knytte denne sosialt engasjerte, kristosentriske dialogteologien til situasjonen i det indiske samfunnet. Det skapte mykje ettertanke da Samartha informerte om dei omvendingar som den seinare tid hadde hendt *frå* kristendom til hinduisme og muhammedanisme. Det var ikkje

minst kastelause grupper som i vonbrot over kristne holdningar i kaste-spørsmål, hadde vendt seg til andre hald for å finne frigjer- ring og menneskeverd.

Ein teologi som er sterkt knytt til dialogen med austleg religiøsitet føreset ein annan kontekst enn den skandinaviske. Eit anna element, nemleg minoritetssituasjonen, gir kristen teologi i India også eit anna utgangspunkt enn vår, skandinaviske teologi. Indisk teologi må legitimere seg på premissar som dei ikkje sjølv kan dik- tere. På underskrivne verkar deira forsøk på å komme til rette med denne situasjonen positive og modne, ikkje ulik den teologi vi finn i den gresk/romerske verda under apologetane sin epoke. Eg trur også *vi* har mykje å lære av teologar som Niles og Samart- ha om den «fullstendige» Kristus og dialogen med samtida.

Workshops

Hovudtyngda i møtet låg i den seminarformen som har fått nam- net «workshop». Mykje førebuingsarbeid var gjort her og dei uli- ke vorkshops freista også å arbeide ut konklusjonar og praktiske tilrådingar. Pluralismen i kongressen kom også til uttrykk ved at vi arbeidde i desse gruppene, i alt ni. Korte rapportar vart lagde fram i plenum, rettnok utan plenumsdiskusjonar. Vi kan forsøke å samle noen av observasjonane frå desse «verkstadene» slik dei kom til uttrykk i rapportsamandraga, presenterte i plenum.

Verkstad I oppdaga «Bibelens mangfald» med omsyn til forme- ne og uttrykka for Guds misjon. Også *verkstad II* streka under det bibelske perspektivet i vurderinga av dei «fattige». Gruppa forstod fattige som dei «maktlause» heller enn dei «matlause» og såg kyrkja sitt ansvar overfor dei fattige meir i å formidle makt enn i å formidle mat. Dette var tonar som ikkje var ulike dei dr. Niles representerte når han definerte «folk» i sentrum-periferi ka- tegoriar. Interessant var det at gruppa oppfatta «middelklasse- kyrkja» som eit teikn på håp for dei fattige og ikkje som ein struktur som burde brytast ned revolusjonært. *Verkstad III* tok opp kyrkjevekst problemet, men såg dette «i tydinga audmjuk misjon og teneste for verda.» Slik forstått, fann gruppa dette per- spektivet som nødvendig for kyrkja sitt liv. Gruppa var sterkt en- gasjert i dei kastelause sin vedvarande vonlause situasjon, jamvel

innan kristne samanhengar, og foreslo praktiske boteråder på dette. *Verkstad IV* streka under verdien av ashrams, og eit anna indisk perspektiv vart teke opp i *verkstad V* som sterkt oppmoda IAMS til å formidle teologisk tenking frå den tredje verda til Vesten. *Verkstad VI* uttrykte også det synet på dei fattige som tidlegare er referert.. «Kristus handla ikkje spesielt på vegner av dei fattige, men på vegner av dei som Hans samfunn hadde marginalisert..» *Verkstad VII og VIII* arbeidde med religiøs dialog, dels samtaler med folkeleg hinduisme, dels med muhammedanismen. Den frambrytande forståinga av dialogen synest å vere at den må føregå på ulike nivå, folkelege, såvel som sosiale og intellektuelle. Verdien av å forstå religiøsitet på det folkelege planet vart sterkt understreka av gruppene som kunne melde om «konfrontasjonar» såvel som «konkret utvikling av gjensidig forståing».

Det var knapt så mange nye tankar som kom fram i «verkstade-
ne», slik vi fekk desse refererte. Men vi ser i alle fall konturane av den forståing av dei «fattige» som har vore dominerande. Dei fattige er dei maktlause, dei perifere, dei marginaliserte. I indisk kontekst vart ordet også nokså nær synonymt med «folket». Om dette knapt er eit uttømmmande syn på det «fattige» i bibelsk perspektiv, og heller ikkje var det på kongressen, har det eit sterkt poeng: dei fattige må ein pånytt og pånytt søke i samfunnet ettersom dei diskriminerande mekanismene forandrast. Vi bør vel også legge til at denne dominerande forståinga av dei «fattige» eller «folket» reflekterer at tankegangar i slekt med frigjeringsteologi har gjennomslagskraft i moderne, internasjonalt missiologmiljø. Men det bør presiserast at den bibelske normbevisstheten ikkje synest broten.

Avsluttande merknader

Viktigaste verdien av slike konferansar ligg kanskje i ein «fartsauke» i informasjon. Deltakarar får ein problematikk kvassare og meir totalt og mangsidig inn på livet. Kommunikasjonen går raskare. Er sambindingane gode, skulle denne fartsauken også kunne førast vidare til grupper som var representerte ved eit slikt møte. Heilt særleg vonar eg at ein liten rapport frå denne konferansen kan føre til stimulert refleksjon over det sentrale temaet «folket». Kan vi omsette den indiske utfordringa slik: «Korleis kan kyrkjene i Norden lytte til folkets røyst?»

DAB-møtet 9.-11. januar 82

Spesialkonsultasjonen om dokumentasjonsspørsmål i vid forstand følgde like etter kongressen og varde to dagar. Omlag tjuvfem deltakarar følgde forhandlingane. Etter ein *introduksjons-sesjon* kom ein *sesjon om dokumentasjon og missiologi*, ein panelsamtale om dokumentasjon og *møte i tre undergrupper*: Dokumentasjon, Arkivering og Bibliografi. Ein *plenumssesjon* med rapportar frå undergruppene avslutta DAB-konsultasjonen.

DAB-møtet tok utgangspunkt i Romakonferansen 1980, der 57 deltakarar frå 14 land tok del. Dette «Working Party on Mission Studies and Information Management» har vore av historisk verdi i misjonsfagleg samanheng. Roma-konferansen strekar i ei fråsegn under at arkiv er ein reiskap i Guds misjon og at dei er av uvurderleg verdi for unge kyrkjers identitet og misjonsrørslas historie. Fråsegnen oppmodar til å ta godt vare på arkivmateriale og nemner konkrete materialtypar som t.d. brev frå misjonærar eller nedteikning av munnleg overlevering. IAMS blir særleg beden om å samordne arkiv/data oversikter og kunnskap om datateknologi. Roma-møtet freistar å sjå arkivproblemet i global samanheng og talar om kor viktig «partnership» mellom kyrkjer i Vesten og den tredje verda er.

Formannen i IAMS, dr. Gerald Anderson påpeika to viktige perspektiv i kontinuiteten med Roma-møtet: DAB er verktøy for Guds misjon (1) og utbygging av kontaktar slik at ressursar kan delast, (2).

Det åpnar seg heilt nye perspektiv for datasituasjonen når mikrofichefotografering blir tatt i bruk. Dr. Norman Thomas frå Boston orienterte om CONSER prosjektet, eit samarbeid mellom teologiske sentra i Nord Amerika for å lagre informasjon om teologiske tidsskrift i ein felles databank.

Adresse: Boston Theological Institute, Library Development Office, 45 Francis Avenue, Cambridge, Massachusetts 02138, USA.

I denne databanken er informasjonen projisert over på mikrofiche. Med utgangspunkt i det nemnde Roma-møtet sin appell om partnership i dokumentasjon foreslo Thomas:

- a. Det skal opprettast tjuve ekumeniske sentra for arkiv/data informasjon i den tredje verda.
- b. Desse skal utstyrast med elementære teknologiske hjelpemiddel.

- c. Kommersielle selskap som lagar mikrofiche-materiale for vestlege arkiv får i oppdrag å levere tjue kopiar til låg pris.
- d. Opprette eit «dokumentasjonsfond for den tredje verda».

Skilnaden i-land/u-land er ikkje mindre når det gjeld data-teknikk enn på andre felt. Partnership er ein nødvendig veg å gå. Det var allmenn semje om at Thomas' framlegg representerer eit startgrunnlag. Dr. Sebastian Karotempel's rapport frå dokumentasjonsproblemet i India streka under Thomas sitt initiativ. Det er uhyre viktig at indarane sjølve blir trente opp til å ta vare på dokumenta, meinte Karotempel.